

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FONNA HF

STAD: Hotel Scandic Maritim
MØTETIDSPUNKT: 07.03.17 KL. 09.00-15.00

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
Brian Bjordal	Nestleiar
Liv Kari Eskeland	Medlem Tilstade frå behandling av sak 13/17 lukka del.
Hilde Brit Christiansen	Medlem
Solfrid Borge	Medlem
Gunnar Birkeland	Medlem
Nina Budal	Medlem
Pål Osjord Midbøe	Medlem
Helge Espelid	Medlem
Tove Martha Callaghan	Medlem

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Olav Klausen	Administrerande direktør
Margareth Langebro	Kommunikasjonssjef
Stina Steingildra	Kommunikasjonsrådgivar
Ingebjørg Kismul	Administrasjonssjef

SAKLISTE

Sak 11/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak 12/17	Godkjenning av protokoll 13.01.17
Sak 13/17	Administrerende direktør si orientering
Sak 14/17	Rapport frå verksemda
Sak 15/17	Odda sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan

UNDERLAG

Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt

Saker til orientering:

Sak 16/17	Forprosjektrapport Haugesund sjukehus
Sak 17/17	Eventuelt Skriv og meldingar

Vedlagt
Vedlagt

Sak 11/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden**Vedtak [samrøystes]**

Innkalling og dagsorden ble godkjent

Sak 12/17 Godkjenning av protokoll frå styremøte 13.01.17**Vedtak [samrøystes]**

Styret godkjente og signerte protokoll frå styremøte 13.01.17

Sak 13/17 Administrerende direktør si orientering

1. Rapportering tilsynssaker
Administrerende direktør viste til vedlagt notat
2. Sysselsetjingsmidlar
Administrerende direktør viste til vedlagt notat
3. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav
Administrerende direktør viste til vedlagt notat
4. Val av nye styremedlemmer
Administrerende direktør viste til vedlagt notat

Lukka del punkt 5 – 6 og 7 ble behandla etter sak 17/17

Vedtak [samrøystes]

Styret tek meldingane til orientering

Sak 14/17 Rapport frå verksemda

Oppsummering

Av samla omsetnad på 3,4 milliardar kroner var overskotet for Helse Fonna 45,1 million kroner i 2016. Rekneskapen er førebels ikkje ferdig revidert.

Resultatet for 2016 var såleis 5,1 millionar kroner betre enn budsjettet og resultatkravet på 40 millionar kroner

Administrerande direktør opplyste at resultatet vil bli endeleg etter korreksjon og revisjon.

Resultatet for januar 2017 syner eit overskot på 2,5 millionar kroner etter korreksjon for pensjonskostnader mot eit budsjettert overskot på 3,3 millionar kroner Dette gir eit negativt budsjettavvik på 0,8 millionar kroner.

Inntektene totalt denne månaden viser eit positivt avvik på 2,3millionar kroner.

Personalkostnadane inkludert inn leige av personell frå byrå viser denne månaden eit positivt avvik på 2,5 millionar kroner. Rekneskapen for månaden syner at kostnadane til kjøp av varer og tenester gir eit samla budsjettmessig negativt avvik på 2,9 millionar kroner. Andre driftskostnadar viser denne månaden samla sett eit negativt avvik på 0,9 millionar kroner. Helse Fonna HF har fått tildelt 10,3 millionar i sysselsetjingsmidlar i 2017 som skal nyttast til vedlikehaldstiltak. Investeringane ekskl. BygggHaugesund2020 og MTU var i 2016 4,1 millionar kroner lågare enn budsjettert investeringsramme. Desse midlane er lagt til investeringsramma for 2017.

Likviditetsoversikten ved utgangen av månaden viser ein disponibel likviditet på 453,8 millionar kroner, noko som er ned 16,8 millionar kroner i forhold til førre månad.

Aktivitet og kvalitet

I januar har det vore høg aktivitet både på poliklinikkar og sengepostar samt for dagbehandling innan psykisk helsevern og somatikk. Gjennomsnittleg ventetid for alle behandla pasientar var 55 dagar, godt innanfor det nye målkravet på 60 dagar.

89 pasientar blei behandla etter fristen gjekk ut i januar. 53 pasientar på ventelistene har ikkje fått time innan fristen som er sett. Årsaker og tiltak er vist i rapporten.

26 pasientar hadde venta meir enn eitt år. Fire av fem epikriser blei sendt innan fristen på sju dagar.

Utskrivningsklare pasientar

53 pasientar låg til saman 135 døgn på sjukehusa i føretaket i januar etter at dei var ferdig behandla.

Korridorpasientar

Tre prosent av sengedøgna i somatikken var i snitt på korridor i månaden. Administrerande direktør har starta eit arbeid med å oppdatere prosedyrene i føretaket for å unngå korridorpasientar.

Medarbeidar

Sjukefråveret var 7,3 prosent i januar. Det var noko høgare korttidsfråver enn langtidsfråver. Samanlikna med januar 2016 har medarbeidarane meldt 38 prosent fleire meldingar i det elektroniske forbetringssystemet (Synergi).

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tar rapport frå verksemda til etterretning.

Sak 17/17 Eventuelt / Skriv og meldingar

1. Årsplan for styret i Helse Fonna 2017
2. Svarbrev Stopp sepsis
3. Brev frå ordførar i Odde

Administrerande direktør anbefalte å endre møtedato for styremøtet 22.06.17 og styreseminar 23.06.17.

Styret vedtok ny møtedato:

Styremøte 19.06.17

Styreseminar 20.06.17

Skriv og meldingar blei tatt til etterretning

Sak 13/17 Administrerande direktør si orientering

Lukka del

5. Anskaffing pasienttransport

Lukka etter Helseføretakslova § 26a, andre ledd, punkt 3

Klinikkdirektør Anne Hilde Bjøntegård orienterte om prosessen knytt til avtaler om pasienttransport (båt Sunnhordaland, taxiavtalar og helseekspress) og status for arbeidet.

6. Varsel om søksmål

Lukka etter Helseføretakslova § 26a, andre ledd, punkt 3

Administrerande direktør orienterte om varsla søksmål frå pårørande til pasient.

7. Avtalar med private

Lukka etter Helseføretakslova § 26a, andre ledd, punkt 2

Administrerande direktør gjorde greie for status i arbeidet med avtalar med HSR.

Vedtak [samrøystes]

Styret tek meldingane til orientering

Sak 15/17 Odda sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan

Oppsummering

Prosjektet Odda sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse og sjukehusplan er ei oppfølging av Nasjonal helse- og sjukehusplan.

I protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF, krav og rammer for 2016, heiter det:
«Forslaga som er lagt fram i Meld. St. 11 (2015-2016) Nasjonal helse- og sjukehusplan (2016 – 2019) vil få stor innverknad på helseføretaka. Stortinget skal behandle meldinga våren 2016. Styra i dei regionale helseføretaka må gjere seg kjent med innhaldet og starte arbeidet med å førebu verksemdene på forslaga som ligg i Nasjonal helse- og sjukehusplan, mellom anna ved å samle inn data og førebu dialog med kommunane.»

Helse Vest og Helse Fonna starta mars 2016 eit prosjekt for Odda og Stord sjukehus. Prosjektet for Stord sjukehus blei avslutta i 2016 med styrebehandling. Prosjektet for Odda sjukehus blei utvida og forlenga og avslutta i desember 2016.

Prosjektrapport blei levert til prosjekteigarane 02.01.17.

Prosjektgruppa for Odda sjukehus var samde i fleire tiltak for å utvikle Odda sjukehus. Sjukehusa i Helse Fonna må samarbeide i nettverk, auke samarbeidet mellom kommunane og føretaket, leggje til rette for ambulering av spesialistar, dagkirurgiske tenester og leggje til rette for stadleg leing. Deltakarane i prosjektgruppa var ikkje samde i tilrådingane om akuttkirurgisk verksemd ved sjukehuset.

Prosjektrapporten blei sendt på høyring etter vedtak i styret i Helse Fonna HF 13.01.17. Rapporten med vedlegg blei publisert på nettsidene til Helse Fonna 13.01.17. Det kom 10 høyringssvar frå inviterte høyringsinstansar. I tillegg fikk Helse Fonna 14 høyringssvar.

Dei fleste som har gitt høyringssvar meiner at akuttkirurgisk tilbod bør vidareførast ved Odda sjukehus.

Helse Førde skriv i sitt høyringssvar at dei har erfaring med 12 år utan akuttkirurgisk tilbod på lokalsjukehusa utan at det kan visast til situasjonar som har vore uforsvarlege. Helse Bergen støttar ei nedlegging av akuttkirurgi ved Odda sjukehus. Rådmannen i Hordaland fylkeskommune gir uttrykk for at fylkesrådmannen ikkje har fagleg grunnlag til å uttale seg om akuttkirurgi.

Firmaet PricewaterhouseCoopers AS (PWC) har gjennomført ei kvalitetssikring av prosjektet . Kvalitetssikringsrapporten blei levert og publisert i Helse Fonna og Helse Vest 07.02.17.

PwC meiner det har vore ein grundig prosess med brei involvering. PwC meiner det ikkje er kome fram nye faglege argument i prosjektet som påverkar dei faglege føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan når det gjeld akuttkirurgi.

Tilbodet ved Odda sjukehus må frametter utviklast vidare slik at dei som treng det mest får behandling nærast der dei bur. Både rapporten og den eksterne kvalitetssikringa peiker på at det er viktig å skilje på kva som kan gjerast, og kva som bør gjerast ved Odda sjukehus i framtida.

I drøfting med dei tillitsvalde kom det mange protokolltilførslar. Arbeidsmiljøutvalet handsama saka etter formell drøfting og peika på at det er krevjande for medarbeidarane å stå i ein slik prosess.

Administrerande direktør har tatt inn moment frå drøfting og handsaming i arbeidsmiljøutvalet i sine tilrådingar til vedtak, og i sjølve saka.

Administrerande direktør tilrår at Odda sjukehus skal fortsatt vere eit akuttsjukehus til dei som treng det mest med funksjonar innan indremedisin, radiologiske tenester, laboratorietenester, planlagd kirurgi og anestesilege i døgnvakt.

Administrerande direktør tilrår at akuttkirurgisk vaktfunksjon og traumemottak ved Odda sjukehus blir avvikla og at det før avviklinga skjer blir utarbeidd tiltak i samarbeid med medarbeidarar og deira organisasjonar samt vernetenesta.

Administrerande direktør Olav Klausen viste presentasjon og orienterte om bakgrunn og prosess for Prosjektrapport Odda sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sykehusplan (2016-2019). Tilrådingane frå prosjektet blei gjennomgått og innhaldet i høyringsuttalane blei referert.

Administrerande direktør gjorde greie for innhaldet i Eksterne kvalitetssikring Prosjekt Odda sjukehus som er utført av Firmaet PricewaterhouseCoopers AS (PWC)

Argumentasjon knytt til akuttkirurgi og føresetnader for vidare utvikling av Odda sjukehus blei informert om, i tillegg til tilrådingar og konkrete tiltak for utvikling av Odda sjukehus. Administrerande direktør orienterte om si tilråding til vedtak.

Styreleiar delte ut 5 stk. e-postar/brev med innspel til høyringa som var motteke etter frist. Epostane var frå Marion Anita Nordgård, Anne Margrethe Øvsthus, Per Jansson, Bente Nøstdal og Audun Kvalnes.

Styreleiar innleia debatten og peika på det samla innhaldet i rapporten. Styret diskuterte saka med fokus på akuttkirurgisk tilbod i Odda, der prosjektrapporten hadde ei delt innstilling.

Styremedlemmene hadde innlegg kor dei grunn gav sine standpunkt, spesielt knytt til det akuttkirurgiske tilbodet ved Odda sjukehus.

Det var tre forslag til vedtak.

Forslag frå styremedlem Solfrid Borge:

1.

Odda sjukehus si akuttkirurgiske verksemd vert vidareført som i dag, med akutfunksjon i indremedisin og kirurgi, radiologiske tenester, laboratoriske tenester, planlagt kirurgi og anestesilege i døgnvakt.

2.

Styret i Helse Fonna HF føreset at Odda sjukehus opprettheld akuttkirurgisk vaktfunksjon og traumemottak for kirurgiske vurdering og stabilisering og handtering av akutte hendingar.

3.

Vedtaket sendes Helse Vest

Forslag frå styremedlem Liv Kari Eskeland:

1. Odda sjukehus vert vidareført som akuttsjukehus med akutfunksjon i indremedisin, radiologiske tenester, laboratorietenester, planlagd kirurgi og anestesilege i døgnvakt.

2. Akuttkirurgisk verksemd ved Odda sjukehus vert inntil vidare vidareført som i dag.

3. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør leggja fram ei sak i styret som vurderar konsekvensane av ei eventuell avvikling av akuttkirurgien. Konsekvensane skal ta omsyn til pasienten, fokus på rekruttering av alle faggrupper m.m.

Kvalitativ vurdering av kva type og omfang av prehospital tenester som kan dekkja opp for ei mogleg nedskalering av akuttkirurgi i døgnvakt, og kva effektar nye redningshelikopter (som skal implementerast i 2018) vil få for risiko og konsekvensanalysen skal synlegjerast.

4. Styret i føreset at administrerande direktør tek omsyn til pasienttryggleik, kvalitet, medisinsk prioritering og arbeidsmiljø i vurderingane

5. Styret føreset at administrerande direktør involverar medarbeidarane og deira organisasjonar samt vernetenesta i det vidare arbeidet

6. Styret føreset at administrerande direktør involverar kommunane og fastlegane lokalisert i kommunane i Indre Hardanger i det vidare arbeidet med fokus på tenester til det beste for lokalbefolkninga

7. Styret ber administrerande direktør senda vedtaket til Helse Vest

Innstilling til forslag med tilleggspunkt frå Helge Espelid og Hilde Christiansen

Nytt punkt 1 frå Hilde Christiansen

1. *Styret legg til grunn at Odda sjukehus skal tilby spesialisthelsetenester som er framtidsretta, trygt og med god kvalitet for det innbyggjarane treng ofte, mykje og nært.*

Tillegg til opprinneleg punkt 2 frå Helge Espelid

Før det akuttkirurgiske tilbodet blir lagt ned, skal det utarbeidast ein beredskapsplan som ivaretar stabiliseringsfunksjonen av akuttpasientar. Den planlagte ambulerande spesialisttenesta kan vere ein del av denne beredskapsplanen.

Det ble stemt over forslaga.

Forslaget frå Solfrid Borge fikk 1 stemme.

Forslaget frå Liv Kari Eskeland fikk 5 stemmer.

Innstilling til forslag med tilleggspunkt frå Helge Espelid og Hilde Christiansen fikk 5 stemmer. Ved stemmelikhet er møteleiar sin stemme avgjerande. (Styreinstruks for Helse Fonna HF punkt 7)

Innstilling til vedtak med tilleggspunkt ble vedtatt.

Vedtak

1. Styret legg til grunn at Odda sjukehus skal tilby spesialisthelsetenester som er framtidsretta, trygt og med god kvalitet for det innbyggjarane treng ofte, mykje og nært.
2. Odda sjukehus blir vidareført som akuttsjukehus med akuttfunksjon i indremedisin, radiologiske tenester, laboratorietenester, planlagd kirurgi og anestesilege i døgnvakt.
3. Akuttkirurgisk verksemd ved Odda sjukehus blir avvikla. Før det akuttkirurgiske tilbodet blir lagt ned, skal det utarbeidast ein beredskapsplan som ivaretar stabiliseringsfunksjonen av akuttpasientar. Den planlagte ambulerande spesialisttenesta kan vere ein del av denne beredskapsplanen.
4. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør legge fram eiga sak i styret om tiltak og planlagde endringar som følgje av avgjerd i saka
5. Styret i Helse Fonna HF føreset at administrerande direktør tek omsyn til pasienttryggleik, kvalitet, medisinsk prioritering og arbeidsmiljø i det vidare arbeidet med tiltak og planlagde endringar
6. Styret i Helse Fonna HF føreset at administrerande direktør involverer medarbeidarar og deira organisasjonar samt vernetenesta i det vidare arbeidet med tiltak og planlagde endringar
7. Styret i Helse Fonna HF føreset at administrerande direktør involverer kommunane i indre Hardanger i det vidare arbeidet med tiltak og planlagde endringar

8. Styret i Helse Fonna HF føreset at administrerende direktør involverer medarbeidarar og deira organisasjonar samt vernetenesta i det vidare arbeidet med risikovurderingar med fokus på pasienttryggleik og arbeidsmiljø
9. Styret i Helse Fonna HF ber administrerende direktør sende vedtaket til Helse Vest

Sak 16/17 Forprosjektrapport Haugesund sjukehus Oppsummering

Forprosjektet for ByggHGsd2020 er ferdigstilt. Teikningar over dei ulike einingar og kliniske sentra er utforma i tråd med tidligare vedtekne driftsmodellar. Dei ulike rom og utstyr knytt til byggetrinn 1 er programmert, og medflyttbart utstyr er identifisert.

Det er lagt opp til kostnadsstyrt prosjektering i både konsept- og forprosjektfasen. Det er i prosjektet løypande utført vurderingar av usikkerheit og kostnad. Ein har tilpassa prosjektet i tråd med kostnadskalkyle og usikkerheitsanalyse slik at ein heile tida har sikra at prosjektet held seg innafor den berekna budsjettramma.

Prosjektet har lagt opp til ei tett oppfølging av dei gevinstane som er identifisert og berekna i konseptfasen. Ei rekke kvalitative og kvantitative gevinstar er identifisert.

Prosjektet har hatt faste informasjonsmøter i auditoriet, og fleire møter med eksterne samarbeidspartar. Prosjektet har i tillegg vore invitert på ei rekkje arenaer for å informere om byggeprosessen. Det er etablert eit godt samarbeid med Sykehusbygg HF.

Forprosjektrapporten med sitt hovuddokument og vedlegg svarar ut vedtaket frå Helse Vest samt merknader i KSK (ekstern kvalitetsikringsrapport) frå konseptfasen.

Administrerende direktør planlegg å leggje styresak «Forprosjekt ByggHaugesund2020» fram for styret for avgjerd i Helse Fonna 03.04.17

Prosjektdirektør Laila Nemeth innleia til gjennomgang av Forprosjektrapport ByggHaugesund2020

Konsulentane Anne Poulsen frå OEC, Michael Ramm Østgaard frå Momentum arkitekter og Kaare Kleven frå Sweco orienterte om ulike delar av rapporten og svarte ut spørsmål undervegs.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tar forprosjektrapport for Haugesund sjukehus til orientering

Ref. Ingebjørg Kismul
07.03.17

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
----------------------	------------

Brian Bjordal	Nestleiar
---------------	-----------

Liv Kari Eskeland	Medlem
-------------------	--------

Hilde Brit Christiansen	Medlem
-------------------------	--------

Gunnar Birkeland	Medlem
------------------	--------

Solfrid Borge	Medlem
---------------	--------

Nina Budal	Medlem
------------	--------

Pål Osjord Midbøe	Medlem
-------------------	--------

Tove Martha Callaghan	Medlem
-----------------------	--------

Helge Espelid	Medlem
---------------	--------